



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet i Hareid kommune
Møtestad:	Rådhuset, kommunestyresalen.
Dato:	10.02.2021
Møte tok til	Kl. 08:30
Møte slutta	Kl. 11.35

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Audun Ulstein	Leiar
Øyvind Grimstad	Nestleiar
Kjersti Røyset Topphol	Medlem
Greta Kirkebø	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Inga Ishild Hareide	Medlem

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Odd Gunnar Kleppe	Inga Ishild Hareide

Vest kontroll - sekretariat:

Namn	Funksjon
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

Namn	Funksjon
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå administrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Bernt Brandal	Ordførar. I sak 06/21.
Kai-Rune Bjørke	Kommunalsjef for samfunnsutvikling. I sak 07/21.



SAKLISTE

- SAK 01/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/21 MELDINGAR
- SAK 04/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 05/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021
- SAK 06/21 ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR – AVTALE MED HAREID KOMMUNE OG HAREID LEGESENTER AS
- SAK 07/21 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – SAMFUNNSUTVIKLING
- SAK 08/21 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 09/21 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 10/21 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 11/21 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING
- SAK 12/21 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/21	033	26.01.2021	10.02.2021	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene skal behandlast i denne rekkefølge:
01 – 02 – 06 - 07 – 03 – 04 – 05 – 08 - 09 -10 – 11 – 12.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Øyvind Grimstad.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/21	049	26.01.2021	10.02.2021	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 25.11.2020.
Kjersti Røysset Topphol var ikkje på møtet og dette må rettast i protokollen.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 25.11.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/21	033&17	26.01.2021	10.02.2021	KS

MELDINGAR**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Brev, av 13.01.2021. «Einar Heimdal – Daglig leder – Andre arbeidsoppgaver».
2. Utskrift frå kommunestyret si møteprotokoll, av 10.12.2020.
Sak 108/20 Plan for eigarskapskontroll 2021-2024.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/21	033&58	06.01.2021	10.02.2021	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside -

<https://innsyn.hareid.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Eldrerådet:	16.09			
Formannskapet:	11.11	19.11	23.11	10.12
Kommunestyret:	22.10	19.11	10.12	
Kontrollutvalet:				
Levekårsutvalet:	04.11	17.11		
Nærings- og miljøutvalet:	03.11	17.11	01.12	
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	10.06	16.09	18.11	02.12
Valstyret:	11.11			
Valutval:	27.04			

SSR Representantskap

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

SSR Styret

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/21	033&58	26.01.2021	10.02.2021	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside -

<https://innsyn.hareid.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Eldrerådet:	
Formannskapet:	18.01
Kommunestyret:	



Kontrollutvalet:
Levekårs utvalet:
Nærings- og miljøutvalet:
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:
Valstyret:
Valutval:

SSR Representantskap
SSR Styret

Vert sendt til leiar i kontrollutvalet
Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/21	030&18	26.01.2021	10.02.2021	KS/JS

ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR – AVTALE MED HAREID KOMMUNE OG HAREID LEGESENTER AS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane frå ordføraren til vitende.

I møtet

Ordførar Bernt Brandal orienterte:

Vedkomande avtale på klipping av Grøntareal. Ordføraren har fått opplyst frå administrasjonen at kjøpet var under kr 100.000 og difor lovleg. Sak 46/20 vert å utkvittere som ferdig.

Avtalen med Hareid legesenter AS.

Ordføraren gjorde ei grundig orientering bla. med PowerPoint og svara på spørsmål. Denne vert lagd på saka, heimesida.

Vedlegg

- Saksframlegg, av 12.10.2020. Godkjenning av avtale mellom Hareid kommune og Hareid legesenter AS.

Saksopplysning

Ordføraren er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/21	030&18	01.02.2021	10.02.2021	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – SAMFUNNSUTVIKLING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for samfunnsutvikling til vitende.


I møtet

Kai-Rune Bjørke, Kommunalsjef sektor for Samfunnsutvikling gjorde ei grei orientering om sin sektor og svara å spørsmål.

Organiseringa av sektoren går fram av oversikta under:



ORGANISASJONSKART



Frå orienteringa:

Plan, byggesak og gebyr: Noko sårbart område grunna låg bemanning.

Oppmåling: Prøver å rekruttere personar som kan jobbe på fleire område.

Kommunal eigedom: Nye folk, endring i korleis ein arbeider. Drifter av bygga har fokus framfor stor servicefunksjon som «flyttebyrå». Ser på internhusleige for å sjå kostnad på kvart enkelt hus. Ser på intern omorganisering.

Samfunnskantoret: Grunnkjøp og sal av eigedom på eigen person. Sakar har hopa seg opp – men har no fått meir langsiktig løysing.

Hamn og hamneanløp ligg også her.

Interkommunale samarbeid. Evaluering av det felles brannvesenet. Vert vurdert om ein skal fortsetje dette.



Landbrukskontoret. Ligg i korta ei redusering i bemanninga.

Møteprotokoll frå næring om miljø. Protokoll unnateke frå off. innsyn. Kommunalsjefen orienterte om årsaka.

Det er i gong arbeid med å få til fleire rammeavtalar.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Kai-Rune Bjørke er kalla inn for å orientere om sitt ansvar- og arbeidsområdet, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for samfunnsutvikling.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/21	033	01.02.2021	10.02.2021	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/21	033	01.02.2021	10.02.2021	KS/JS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2021 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2021. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2021.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/21	033	26.01.2021	10.02.2021	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtar møteplan i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2021 er det i tillegg til 10. februar sett opp møte 23. mars, 3. mai, 25 mai, 5. oktober, 2. november og 1 desember.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/21	026	01.02.2021	10.02.2021	JS

SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret registrerer at representantskapet og selskapet sine organ i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS ikkje har følgt opp alle punkta som kom fram i selskapskontrollen jfr. Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av SSR IKS.
2. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

I møtet

Kontrollutvalet ber om å få delta evt. via Teams på Ulstein kontrollutvalet sitt møte der styreleiar og dagleg leiar i SSR er innkalla.

Vedlegg

Oppfølgingskontrollen frå revisjonen, datert 21.10.2020.

Saksopplysningar

«Kommunestyresak 94/19, vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjop - innkjopsrutinar/innkjopspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunen sine representantskapsmedlemer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast.
4. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og underbygge sine vurderingar og svar i henhold til lover, forskrifter og rettleiaren for sjølvkost knytta opp til merknader som kjem fram i selskapskontrollen.



5. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.»

Frå «Kontrollutvalssak 37/20

«SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Vi viser Kommunestyret sitt vedtak i sak 94, uttalen til kontrollutvalet i sak 03/20 samt vedlegga i saka. Ut frå det som kjem fram kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekome det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, får i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføraren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er følgt opp.

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av VØR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføraren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.»

Oppfølging av selskapskontrollen frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Jamfør vedtak i kontrollutvalssak 37/20 pkt. 1 – kommunerevisjonen si tilbakemelding.

Revisjonen si vurdering

Sjå vedlegget til saka. Kort fortalt kjem dette fram i revisjonen si tilbakemelding:

Fordelingsnøklar:

Er kvalitetssikra, men ikkje dokumentart av kven

Renter driftskreditt:

Her er det retta opp.

Aktivering av tomter

Delvis korrigert.

Nedgravde løysingar

Det er ikkje teke standpunkt til kven som skal betale for desse.

Ut frå revisjonen sine innhenta opplysningar frå Miljøverndirektoratet skal utbygger/ og ikkje av gebyra. Dette er då feil handtert – ikkje retta. Revisjonen er ikkje kjent med om SSR har undersøkt regelverket nærare. Rep. skapet har slutta seg til revisjonen si tolkning.

Revisjonen meiner at handtering av nedgravde løysingar kan vere feil.

Investering – drift

Investeringskostnader er ført direkte i drifta. Dette var påpeika, men ikkje retta.

Over/underskotsdisponering

Feilhandtering, då tidlegare overskot skulle vore oppløyst i 2019.

Revisjonen si konklusjon



Vi kan ikkje sjå at alle forhold knytta til selskapskontrollen sin forvaltningsrevisjonsdel er korrigert.

Det forelegg etter vår meining også brot på generasjonsprinsippet mht. 5-års frist for oppløysing av overskot for 2014.

Vurdering

Det er ikkje tilfredsstillande at Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret (eller alle eigarkommunane sine kommunestyre) på dei tilhøve som Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har peika på i selskapskontrollen.

Representantskapet/eigarorganet som kommunestyret/a bad følgje opp tilhøva som kom fram i rapporten, burde ha følgt opp kommunestyret/a sitt vedtak.

Når det gjeld pkt. 2 i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 43/20 har ein enno ikkje motteke tilbakemelding frå ordføraren.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/21	033	03.02.2021	10.02.2021	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING**Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet vil følgje opp kommunestyret sitt ynskje om at Kontrollutvalet skal følgje opp sak 28/20 Kontrollutvalet og fotballhall. Som ein start på prosessen be utvalet nestleiar Øyvind Grimstad å ta ein gjennomgang av alle dokumenta i saka, dette for å klargjere spørsmåla utvalet skal stille til kommuneadministrasjonen.

2. Kontrollutvalet vil vurdere saka om Vassledning etter at leiar Audun Ulstein har utarbeide eit notat.

3. Kontrollutvalet ynskjer å følgje opp innkjøpsrutinar for sektor for Samfunnsutvikling basert på den informasjon Kommunalsjefen kom med i si orientering.

Fotballhall

For eventuelt å følgje opp kommunestyret sitt ynskje om at Kontrollutvalet skal følgje opp sak 28/20 Kontrollutvalet og fotballhall, ber utvalet nestleiar Øyvind Grimstad å ta ein gjennomgang av alle dokument i saka, dette for å klargjere spørsmåla utvalet skal stille til kommuneadministrasjonen.

Vassledning

Kontrollutvalet ber leiar Audun Ulstein utarbeide ei notat slik at utvalet kan vurdere om dette er ei sak som høyrer under utvalet sitt arbeidsområde.

Vedlegg

Dokument, av 13.05.2020. «Kontrollutvalet og fotballhall – vedtak i Hareid kommunestyre.

Saksopplysningar

Det er to saker som skal opp til drøfting i kontrollutvalsmøtet:

- Fotballhallen – kommunestyresaka 28/20.
- Vassledning - kontrollutvalsleiar lager notat.



Møtet slutt.

Audun Ulstein
Leiar

Øyvind Grimstad
Nestleiar

Møteprotokoll går til:

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordfører og rådmann til orientering

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering